

	Aukra kommune	Arkivsak: 2016/542-46 Arkiv: L12 Saksbeh: Kjell Lode Dato: 09.01.2019
--	----------------------	--

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
5/19	Drift og arealutvalet	23.01.2019

Reguleringsplan for Halingshaughola, planprogram til høyring og melding om oppstart

Rådmannen si tilråding:

Drift- og arealutvalet viser til delegert fullmakt og plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2 og godkjenner at planprogrammet for reguleringsplan for Halingshaughola blir lagt ut til offentlig høyring i 6 veker saman med melding om planoppstart.

Saksprotokoll i Drift og arealutvalet - 23.01.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Drift- og arealutvalet viser til delegert fullmakt og plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2 og godkjenner at planprogrammet for reguleringsplan for Halingshaughola blir lagt ut til offentlig høyring i 6 veker saman med melding om planoppstart.

Vedlegg

- 1 Planprogram, reguleringsplan for Halingshaughola

Særutskrift:

Bakgrunn:

Grunneigarar og innbyggjarar på Tangen / Brevika og andre, har brukt myrområda ved Halingshaugen til rekreasjon og friluftsliv. Om vinteren har skøytegåing vore ein populær aktivitet på tilfrosne dammar. Halingshaughola er den største av desse, ein grunn dam med djupne ned mot 0,5 meter. I 2003 vart det godkjent ein plan, «Utbygging av Halingshaughola», for tilrettelegging av området som

skøytebane/friluftstiltak.

Teknisk styre i Aukra kommune godkjente planen den 16.12.2003 (2016/542-5). På godkjennings-tidspunktet var det ikkje noko planverk som regulerte arealbruken i området (verken kommuneplan eller reguleringsplan). Ulike stats- og fylkesetatar hadde ikkje merknad til tiltaket ut frå særlovene som dei då brukte som vurderingsgrunnlag. Tjernet vart opparbeidd (2004?) tilsvarande ei flate på ca 150m x 75m. Utbyggingsplanen føresette at Halingshaughola sine vener, «*ei representativ og organisert velforening ... er kjend med ansvaret som tiltakshaver*», sitat frå saksutgreiinga. I tida som har gått sidan plangodkjenning og opparbeiding har tiltak i området vorte gjennomført mykje etter munnlege avtalar, der velforeninga har stått for noko arbeid og kommunen har støtta med kulturmidlar og råd. Dei kommunale turstiane i området er dei mest brukte i kommunen, og bruken er aukande. Ansvarstilhøva mellom kommune og grunneigarar / velforening har tidvis vore til diskusjon. Partane er no samde om at det er trong for å definere klarare kva rolle Halingshaughola har som friluftstiltak og samspelet med friluftsområda som grenser til denne. Det er vidare naudsynt å avklare ansvarsdeling for vedlikehald og tryggleikstiltak. Det blir difor sett i gang eit arbeid med ein detaljplan for området (reguleringsplan).

Utgreiing:

Kommunen er kjent med at bruken av og tiltaka i området, slik det er i dag, kan opplevast som konfliktfylt. Aktivitetane føregår i utmark, i landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen sin arealdel. Allemannsretten med omsyn til fri ferdsle (friluftsløva) gjeld. Det er ulike meiningar om kor langt tilrettelegginga for friluftaktivitetar skal gå og korleis den eksisterande tilrettelegginga fungerer. Rådmannen ser det difor slik at ein i denne planoppgåva må vere særleg nøye med førebuingane av planarbeidet og legge vekt på ein brei medverknadsprosess slik at alle interessentar får kome fram med sine meiningar. Sjølv om omfanget av planarbeidet er relativt avgrensa, vel rådmannen å bruke retningslinjene i plan- og bygningslova (PBL) om utarbeiding av planprogram og konsekvensutgreiing som grunnlag for planarbeidet, jamfør PBL § 4-1 og § 4-2.

PBL § 4-1, 1. og 2. ledd:

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

PBL § 4-2, 1. og 2. ledd:

Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området.

For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn.

Planprogrammet er vedlagt saka. Rådmannen rår til at Drift- og arealutvalet godkjenner at planprogrammet blir lagt ut til offentlig ettersyn samstundes med at det blir meldt oppstart av planarbeidet.

Administrative konsekvensar:

Planarbeidet er tenkt utført med eigne ressursar.

Økonomiske konsekvensar:

Utgiftene til planarbeidet blir dekkja innafor eige budsjett.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Rett utskrift 24.01.2019

Martina S. Böttcher
Politisk sekretær